- hvilken domstol du anker til
- navn og adresse på parter, stedfortredere og prosessfullmektiger
- hva du mener er feil med den avgjørelsen som er tatt
- den faktiske og rettslige begrunnelsen for at det foreligger feil
- hvilke nye fakta, bevis eller rettslige begrunnelser du vil legge fram
- om anken gjelder hele avgjørelsen eller bare deler av den
- det kravet ankesaken gjelder, og hvilket resultat du krever
- grunnlaget for at retten kan behandle anken, dersom det har vært tvil om det
- hvordan du mener at anken skal behandles videre

### Hvis du vil anke en tingrettsdom til lagmannsretten

Dommer fra tingretten kan ankes til lagmannsretten. Du kan anke en dom hvis du mener det er

- feil i de faktiske forholdene som retten har beskrevet i dommen
- feil i rettsanvendelsen (at loven er tolket feil)
- feil i saksbehandlingen

Hvis du ønsker å anke, må du sende en skriftlig ankeerklæring til den tingretten som har behandlet saken. Hvis du fører saken selv uten advokat, kan du møte opp i tingretten og anke muntlig. Retten kan tillate at også prosessfullmektiger som ikke er advokater, anker muntlig.

Det er vanligvis en muntlig forhandling i lagmannsretten som avgjør en anke over en dom. I ankebehandlingen skal lagmannsretten konsentrere seg om de delene av tingrettens avgjørelse som er omtvistet, og som det er knyttet tvil til.

Lagmannsretten kan nekte å behandle en anke hvis den kommer til at det er klart at dommen fra tingretten ikke vil bli endret. I tillegg kan retten nekte å behandle noen krav eller ankegrunner, selv om resten av anken blir behandlet.

### Retten til å anke er begrenset i saker som gjelder formuesverdi under 250 000 kroner

Hvis anken gjelder en formuesverdi under 250 000 kroner, kreves det samtykke fra lagmannsretten for at anken skal kunne bli behandlet.

Når lagmannsretten vurderer om den skal gi samtykke, legger den vekt på

- sakens karakter
- partenes behov for å få saken prøvd på nytt
- om det ser ut til å være svakheter ved den avgjørelsen som er anket, eller ved behandlingen av saken

### Hvis du vil anke en tingretts kjennelse eller beslutning til lagmannsretten

En *kjennelse* kan du som hovedregel anke på grunn av

- feil i de faktiske forholdene som retten har beskrevet i kjennelsen
- feil i rettsanvendelsen (at loven er tolket feil)
- feil i saksbehandlingen

Kjennelser som gjelder saksbehandlingen, og som er tatt på bakgrunn av skjønn, kan bare ankes dersom du mener at skjønnsutøvelsen er uforsvarlig eller klart urimelig.

En *beslutning* kan du bare anke hvis du mener

- at retten ikke hadde rett til å ta denne typen avgjørelse på det lovgrunnlaget, eller
- at avgjørelsen åpenbart er uforsvarlig eller urimelig

Hvis tingretten har avsagt dom i saken, kan tingrettens avgjørelser om saksbehandlingen ikke ankes særskilt. Da kan dommen isteden ankes på grunnlag av feil i saksbehandlingen.

Kjennelser og beslutninger anker du til den tingretten som har avsagt avgjørelsen. Anken avgjøres normalt ved kjennelse etter skriftlig behandling i lagmannsretten.

### **Hvis du vil anke lagmannsrettens avgjørelse til Høyesterett**

Høyesterett er ankeinstans for lagmannsrettens avgjørelser.

Anke til Høyesterett over *dommer* krever alltid samtykke fra Høyesteretts ankeutvalg. Samtykke gis bare når anken gjelder spørsmål som har betydning utover den aktuelle saken, eller det av andre grunner er særlig viktig å få saken behandlet av Høyesterett. Anke over dommer avgjøres normalt etter muntlig forhandling.

Høyesteretts ankeutvalg kan nekte å ta anker over *kjennelser* og *beslutninger* til behandling.

Hvis de blir tatt til behandling, er det som regel hvis spørsmålet har betydning utover den aktuelle saken, hvis andre hensyn taler for at anken bør prøves, eller hvis saken reiser omfattende bevisspørsmål.

Når en anke over kjennelser og beslutninger i tingretten er avgjort ved kjennelse i lagmannsretten, kan avgjørelsen som hovedregel ikke ankes videre til Høyesterett.

Anke over lagmannsrettens kjennelser og beslutninger avgjøres normalt etter skriftlig behandling i Høyesteretts ankeutvalg.



---

Saksnr: 2019/107-4  
Saksbehandlar: Magnus Odéen  
Dato: 12.01.2021

---

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Medarbeidarundersøkinga i VLFK 2020

Vestland fylkeskommune har i 2020 gjennomført ei medarbeidarundersøking for alle tilsette. Undersøkinga har omfatta tema som arbeidssituasjon og arbeidsoppgåver, leiarskap og jobbengasjement. Undersøkinga tek óg opp aktuelle tema som fjernleiing og heimekontor, og dei tilsette si oppleving av fylkessamanslåinga.

HMS- og kvalitetsgruppa (HMS-K) i HR-seksjonen har hatt ansvaret for gjennomføring av medarbeidarundersøkinga, med ekstra ressursar tilført frå HR Rådgeving og utvikling (HR-RU). Avonova (tidlegare Stamina og Stamina Census) har vore leverandør av undersøkinga og gitt fagleg bistand.

Vi har nytta ei skreddarsydd utgåve av den anerkjende undersøkinga MTM. Undersøkinga har blitt tilpassa VLFK sine behov, og har eit solid normgrunnlag frå andre fylkeskommunar og Norsk offentlig sektor.

Leiaropplæring er blitt gjennomført digitalt. Opplæringa har skjedd i to omgangar. Alle leiarar samt hovudtillitsvalde og fylkeshovudverneombod fekk i haust tilbod om å delta på første del av opplæringa, og meir enn 400 leiarar deltok. I løpet av januar er det gjennomført og planlagt 14 digitale leiarkurs for alle leiarar i organisasjonen. Det vil òg bli gitt kurs for verneombod med fokus på AMU si rolle i oppfølginga. Dei som treng ekstra oppfølging vil få dette frå HR i linja med støtte frå HR sentralt.

Alle leiarar vil gjennomføre møte med sine tilsette dei næraste månadane, og det vil bli utarbeidd tiltaksplanar på fleire ulike nivå. Dei lokale AMU vil følgje opp arbeidet med tiltaksplanar utover i 2021.

### Resultat frå undersøkinga

Undersøkinga blei sendt ut 2. november 2020 med tre vekers frist. Arbeidsgivar hadde sett seg som mål å ha ein svarprosent på 80%. Til slutt enda svarprosenten på 88%, som er høgare enn tidlegare undersøkingar. Samla sett gir difor undersøkinga eit godt bilete av organisasjonen.

På overordna nivå skårar VLFK innanfor det gjennomsnittlege området samanlikna med andre fylkeskommunar i referansegrunnlaget. Dette til tross for at vår organisasjon har vore gjennom samanslåing og står i ei krevjande koronasituasjon. Det er ikkje vesentlege forskjellar mellom tilsette som kom ifrå Hordaland, Sogn og Fjordane, frå Statens Vegvesen eller som var nye i VLFK.

Det vert rapportert om godt kollegaskap og godt sosialt samspel på arbeidsplassen, og næraste leiar skårar gjennomgåande godt. I fylkesadministrasjonen er det klare signal om at tilsette opplever at det er høgt arbeidspress, og at dei må jobbe i høgt tempo. Det er også mange som etterlyser meir kompetanseutvikling. Dei fleste opplever at det går greit å ha heimekontor, dei får

meir ro til konsentrasjon og fokus, men at det går ut over samspelet med andre. Resultata er i tråd med undersøkinga tidlegare i haust om heimekontor.

Tala på mobbing er på same nivå som andre fylkeskommunar, men er likevel ikkje akseptabelt. Det er 28 personar som melder om seksuell trakassering. Det er viktig å jobbe systematisk førebyggjande og vise nulltoleranse for denne typen oppførsel.

Mange tilsette gir uttrykk for at bakgrunnen for samanslåinga av HFK og SFFK ikkje er godt nok grunnlagt og kommunisert. Det blir viktig å fortsette arbeidet med å bygge ein felles kultur i heile det nye fylket.

I tida framover vil hovudfokus være å gå frå resultat til tiltak, slik at vi kan styrke dei gode sidene av arbeidsmiljøet, og ta tak i dei utviklingsområda vi har.

---

Saksnr: 2020/58521-7  
Saksbehandlar: Karstein Oen  
Dato: 12.01.2021

---

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Lønsoppgjeret 2020 Status

Lønsoppgjeret for 2020 er i mål. Det siste elementet som kom på plass var semje i meklinga mellom KS og Norsk Sykepleierforbund sentralt.

Lønsoppgjeret i 2020 har vore særleg utfordrande. Det sentrale oppgjeret mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane vart flytta til september på grunn av koronapandemien. Då forhandlingsfristen gjekk ut 15. september var det semje med LO-K, YS-K og Unio, medan oppgjeret for Akademikerne ( i dette tilfelle Legeforeningen) gjekk til mekling. Meklinga førte ikkje fram og Legeforeningen gjekk til streik, ein streik som vart avslutta ved at regjeringa greip inn med tvungen lønsnemnd.

Ved uravrøystinga av hovudoppgjeret vart det nei frå dei to Unio organisasjonane; Utdanningsforbundet og Norsk Sykepleierforbund. KS måtte difor i ny meklingsrunde med dei to organisasjonane. Meklinga med Utdanningsforbundet kom i hamn den 10. desember ved at partane vart einige om at resultatet av hovudoppgjeret slik det går fram av protokoll dagsett 15.09.2020 skal leggjast til grunn. Og meklinga med Norsk Sykepleierforbund kom i hamn den 7. januar, også her med tilslutnad til hovudoppgjeret.

Det økonomiske element i det *sentrale* lønsoppgjeret var eit tillegg i løna på 0,3 % pr. 1.9.2020.

Når det gjeld det lokale lønsoppgjeret i VLFK så har det vore mange rundar før ein klarte å lande oppgjeret. Som følgje av flytting av det sentrale oppgjeret måtte også det lokale lønsoppgjeret utsetjast/flyttast til ut på hausten. Ein fekk og kort frist for gjennomføring av lønsoppgjeret. Det lokale oppgjeret som omfatta kap. 3 (leiarane) og kap. 5 (rådgjevarar, tannlegar, ingeniørar m.fl.) var krevjande og det kom til brot med 7 av organisasjonane.

Den økonomiske ramma for det lokale lønsoppgjeret var 0,7 % pr.1.5.20 i kap. 5 og 0,6 % pr. 1.5.20 for kap. 3. Dei organisasjonane som gjekk til brot argumenterte m.a. med at arbeidsgjevar i 2020 måtte legge til grunn ei skeivfordeling mellom dei frå gamle SFFK og gamle HFK for å «utlikne» at det har vore ulik verknadsdato i dei to fylkeskommunane. Vidare var det argumentert med at organisasjonane ikkje opplevde at det var reelle forhandlingar denne gongen.

Lokale kretsmeklar gav medhald til VLFK i alle dei 7 sakene som gjekk til lokal nemndbehandling. Kretsmeklar har lagt vekt på at VLFK er ein ny organisasjon der reell likebehandling best kan oppnåast ved at det nominelle lønsnivå er likt. Ei differensiering kunne gi lønsforskjellar som ikkje var tilsikta. VLFK fekk og tilslutnad til gjennomføringa av eit forenkla lønsoppgjer i år ved at det vart gitt eit flatt tillegg til alle som var omfatta av det lokale lønsoppgjer

---

Saksnr: 2020/72319-2  
Saksbehandlar: Kristin Rundsveen Bøtun  
Dato: 12.01.2021

---

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesdirektør Strategisk utvikling og digitalisering

---

## Overordna beredskapsplan - saksframlegg

Vestland fylkeskommune har ansvaret for å ta vare på våre tilsette, tenesteproduksjon, økonomiske verdiar og omdømme knytt til fylkeskommunen. Uynskte hendingar må handterast effektivt og godt, slik at skadeomfanget avgrensast til eitt minimum og tenesteproduksjonen oppretthaldast eller vert oppattretta på ein sikker og effektiv måte.

Denne overordna beredskapsplanen avklarar roller og grenseoppgangen mot statlege og/ eller kommunalt ansvar i ein krisesituasjon. På same måte beskriv denne planen grenseoppgang mot ulukker, skader og uynskte hendingar i det daglege arbeidet, som er av ein slik art at det skal handterast i fylkeskommunen sitt HMS-system. Alle einingar i fylkeskommunen skal legge dette dokumentet til grunn for sine lokale beredskapsplanar.

Beredskapsarbeidet i fylkeskommunen bygger på ansvarsprinsippet, likskapsprinsippet, nærleiksprinsippet og samvirkeprinsippet som definert i stortingsmelding om samfunnssikkerheit Meld. St. 10 (2016-2017).


Som ein stor offentlig aktør har vi eit ansvar for å ta på alvor dei hendingar og truslar som kan påverke våre ansvarsområde. Beredskap handlar om planlegging og førebuing av tiltak for å unngå, avgrense eller handtere kriser eller andre uynskte hendingar og handlingar på best mogleg måte. Alle menneskelege, organisatoriske og teknologiske tiltak ligg i denne definisjonen. For å oppretthalde god sikkerheit i samfunnet mot eit breitt spekter av utfordringar, er det naudsynt med bevisst innsats frå ulike myndigheiter og verksemdar. Samarbeid og samordning er heilt avgjerande for at vi skal kunne førebygge og handtere krisesituasjonar.

Krise og beredskapsarbeid i Vestland fylkeskommune er eit leiaransvar. I alle krisesituasjonar er det avgjerande for resultatet at ein har gode planar, naudsynt kompetanse og trening i å handtere kriser. Ein overordna beredskapsplan er naudsynt for å strukturere dette arbeidet.

Ihht delegeringsreglement har fylkesrådmannen mynde til å handtera ein krisesituasjon. Beredskap er eit leiaransvar, og fylkesrådmannen har det overordna og strategiske ansvaret for kriseleiinga i Vestland fylkeskommune. Fylkesrådmannen godkjenner den overordna beredskapsplanen.

### Vedlegg

- 1 Overordna beredskapsplan



# Overordna beredskapsplan

## Innhald

<b>1 Bakgrunn og føremål .....</b>	<b>2</b>
1.1 Prinsipp for beredskapsarbeidet .....	2
1.2 Definisjonar .....	2
1.3 Fylkeskommunen si beredskapsplikt .....	3
<b>2 Organisering av beredskap og krisehandtering i Vestland fylkeskommune .....</b>	<b>3</b>
2.1 Politisk nivå .....	6
2.2 Beredskaps- og kriseleiing .....	3
3.2.1 Oppgåver overordna kriseleiing .....	5
3.2.2 Einingane sitt ansvar .....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
3.3 Lokalisering .....	6
3.4 Varslingsrutine .....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
3.5 Kommunikasjon og informasjon .....	7
3.5 Iverksetting .....	5
3.5 Lokale beredskapsplanar .....	6
3.6 Samarbeid med andre aktørar .....	7
<b>4 Beredskapsarbeid i fylkeskommunen .....</b>	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
4.1 Vurdering av risiko- og sårbarheit (ROS) .....	8
4.2 Årshjul .....	8
4.3 Kultur for beredskap .....	8
<b>5 Evaluering .....</b>	<b>8</b>
Vedlegg 1    Kontaktinformasjon fylkesrådmannen sin krisestab .....	10

<b>VLFK</b>	<b>Dokumentnamn:</b> Overordna beredskapsplan	<b>Dokumenttype:</b> Styrande dokument
<b>Godkjent dato:</b>	<b>Godkjent av fylkesrådmann:</b> Rune Haugsdal	<b>Utarbeidd av:</b> Kristin Rundsveen Bøtun
		<b>Underordna dokument:</b> Beredskapsplanar for einingane, med varslingslister
<b>Merknader:</b> Dette er ein ny versjon av overordna beredskapsplan for VLFK. Planen må oppdaterast etter at det er gjennomført ROS-analyse i løpet av 2021. Det vert årleg gjennomgang av beredskapsplanane.		

Versjon	Oppdatert av/dato	Merknad

# 1 Administrativ del

## 1.1 Bakgrunn og føremål

Vestland fylkeskommune har ansvaret for å ta vare på våre tilsette, tenesteproduksjon, økonomiske verdier og omdømme knytt til fylkeskommunen. Uynskte hendinger må handterast effektivt og godt, slik at skadeomfanget avgrensast til eitt minimum og tenesteproduksjonen oppretthaldast eller vert oppattretta på ein sikker og effektiv måte.

Denne overordna beredskapsplanen avklarar roller og grenseoppgangen mot statlege og/ eller kommunalt ansvar i ein krisesituasjon. På same måte beskriv denne planen grenseoppgang mot ulukker, skader og uynskte hendinger i det daglege arbeidet, som er av ein slik art at det skal handterast i fylkeskommunen sitt HMS-system. Alle einingar i fylkeskommunen skal legge dette dokumentet til grunn for sine lokale beredskapsplanar.

Det er viktig at sikkerheits- og beredskapsarbeidet har ein struktur som er robust, og evne til å bygge opp ein heilskapleg kultur innan fagfeltet, og at det er enkelt å kommunisere ut til organisasjonen. Eit godt sikkerheits- og beredskapsarbeid vil seie å førebygge alvorlege hendinger eller handlingar. Vi etablerer beredskap for å kunne handtere den restrisiko som alltid vil ligge der fordi uynskte hendinger vil kunne inntreffe uavhengig av kva risikoreduserande tiltak vi har sett i verk gjennom vår risikostyring.

## 1.2 Prinsipp for beredskapsarbeidet<sup>1</sup>

Beredskapsarbeidet i fylkeskommunen bygger på ansvarsprinsippet, likskapsprinsippet, nærleiksprinsippet og samvirkeprinsippet som definert i stortingsmelding om samfunnssikkerheit Meld. St. 10 (2016-2017):

**Ansvarsprinsippet** betyr at den eining som til dagleg har ansvaret for eit område, også har ansvaret for nødvendige beredskapsførebuingar og for den utøvande tenesta ved kriser og katastrofar.

**Likskapsprinsippet** betyr at den organisasjonen som vert brukt under kriser skal være mest mogleg lik den organisasjonen vi har til dagleg.

**Nærleiksprinsippet** medfører at kriser organisatorisk skal handterast på eit lågast mogeleg nivå.

**Samvirkeprinsippet** stiller krav til at eining har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

## 1.3 Definisjonar

Med beredskap meinast den planlegging og førebuing som Vestland fylkeskommune føretek seg for å kunne handtere ei krise på best mogleg måte.

Med krise meinast ein uventa situasjon der menneske, materielle verdier eller omdømme setjast i fare, eller der fylkeskommunen ikkje lengre er i stand til å oppretthalde sin ordinære verksemd.

<sup>1</sup> Sjå vedlegg 2 for utfyllande beskriving



## 1.4 Fylkeskommunen si beredskapsplikt

Fylkeskommunen si beredskapsplikt er hovudsakleg knytt til:

### Personell og anlegg i eigen organisasjon

Vestland fylkeskommune har ansvar for å ta vare på sikkerheita til menneska, tenesteproduksjon, økonomiske verdiar og omdømme knytt til fylkeskommunen sine aktivitetar og anlegg. Dette omfattar alle tilsette, elevar, politikarar og dei som besøker ein fylkeskommunal institusjon, t.d. pasientar i tannhelsetenesta eller deltakarar på møter og arrangement i regi av fylkeskommunen.

### Fylkesveggar

Vestland fylkeskommune har som eigar, drifter og forvaltar, ansvaret for fylkesvegane generelt, og for fylkesvegane som del av samfunnet sin kritiske infrastruktur. Fylket vårt har ein utfordrande topografi og geografi, og har særskilte utfordringar knytt til skred. Fleire utsette vegstrekk har få og/eller lange omkøyringsveggar, som igjen medfører lang veg til naudsynte samfunnsfunksjonar. Lange omkøyringsveggar utgjør eit faremoment ved naud- og beredskapssituasjonar, og våre fylkesveggar er i mange tilfelle einaste omkøyringsmoglegheit ved t.d. stengt Europaveg.

### Sivil transportberedskap

*Forskrift for sivil transportberedskap §3 Myndigheit for regional transportberedskap, seier at fylkeskommunen har «ansvar for å sikre og leggje til rette for ein naudsynt og regional tilpassa sivil transportberedskap i fylket. Fylkeskommunen skal samarbeid med fylkesmann, politiet, transportnæringa og andre sivile/ militære myndigheiter for ein best mogleg koordinert sivil transportberedskap».*

### Regional planlegging

Vestland fylkeskommune som planmyndigheit, skal inkludere samfunnsikkerheit i arbeidet med regional planlegging, jfr. Plan- og bygningslovens kap.4. Det er viktig å styrke samhandlinga innan beredskap og krisehandtering, særskilt i lys av klimaendringane, men også etter erfaringane frå koronapandemien. Det er behov for å skape robuste samfunn som er i stand til å møte og å redusere negative konsekvensar når noko hender, enten det er pandemiar, naturkatastrofar, økonomiske kriser eller anna. Risiko- og beredskap bør vere eit tema som vert vurdert i alle relevante planarbeid for å bidra til samarbeid og koordinert innsats for auka beredskap og samfunnstryggleik.

## 2 Organisering av beredskap og krisehandtering i Vlfk

### 2.1 Prinsipp for ansvars- og oppgåvefordeling i beredskapsarbeidet i fylkeskommunen

Beredskap er eit leiaransvar:

#### Fylkesrådmannen

- har det overordna og strategiske ansvaret for kriseleiinga i Vestland fylkeskommune
- har ansvar for å leie fylkeskommunen si handtering av krisesituasjonar når dei oppstår

- er Vlfk sin talsperson
- skal alltid varslast når lokal kriseleiing trer saman

#### **Fylkesordførar**

- Varsle resterande politisk leiing ved høgare beredskap

#### **Fylkesdirektør(ar)**

- Delta i kriseleiing. Særskilt ansvar for å handtere ei krise innan sitt ansvarsområde.
- Kontakt med den tilsette eller pårørende innenfor egen sektor. Skal være støttespiller for leiar av aktuell eining

#### **Beredskapsleiar**

- Ansvar for å koordinere beredskapsarbeidet i Vlfk
- Delta i kriseleiinga
- Operativt ansvar, loggføring
- Skal holde overordna beredskaps- og varslingsplan oppdatert
- Ansvarleg for evaluering i etterkant av ei hending

#### **Kommunikasjonssjef**

- Informasjonsstøtte til fylkes-rådmannen, fylkesdirektørane og evt. Fylkesordførar

#### **IKT**

Ansvar ikt, rigging i ein oppstarts-fase, deretter teknisk bistand

## **2.2 Varsling og handtering**

Varsling skal følge tenesteveg.

**Sentral beredskapsgruppe** skal kunne komme saman på kort varsel, og vil ta vurderinga om det er naudsynt å iverksette tiltak for krisehandtering i aktuelle situasjonar. Stedfortreder kallast inn om eitt av medlemmene ikkje kan møte. Sentral beredskapsgruppe er:

- Fylkesrådmann
- Fylkesdirektør ORO (FRM stedfortreder, med fullmakt ihht vedtak)
- Fylkesdirektør SUD
- BeredskapsleiarFylkesrådmannen si leiargruppe fungerer som **VLFK kriseleiing (overordna kriseleiing)**, i tillegg til kommunikasjonssjef og beredskapsleiar. Fylkesrådmannen avgjer i kvart tilfelle kven av fylkesdirektørane som treng å møte når kriseleiing vert etablert. Dette ut i frå omfanget på krisa. I tillegg skal ein representant for IKT-tenesta inngå i fylkesrådmannen si kriseleiing.

### 2.2.1 Oppgåver overordna kriseleiing

- Når en krisesituasjon oppstår, skal det føres logg over alle hendelser som kriseledelsen blir kjent med, og over de tiltak som kriseledelsen beslutter. En logg skal inneholde en fortløpende oversikt, med følgende opplysninger: dato, klokkeslett, hendelse, tiltak, ansvar.
- Skaffe oversyn over situasjonen og kartleggje om einingane og andre aktørar har trong for støtte med ressursar eller rettleiing.
- Halde oversyn over kva einingar/etatar/organisasjonar som har roller og oppgåver knytt til den aktuelle situasjonen, og ta initiativ til å avklare kva styresmakter som har ansvaret for krisehandteringa
- Tydeleggjort koordineringsansvar mellom sektorar (nav for informasjonsflyt)
- Halde kontakt og syte for gjensidig informasjonsutveksling med politidistriktsleiinga, andre naudetatar, leiinga i aktuell eining og andre aktørar som er relevante i den aktuelle situasjonen
- Informere fylkesberedskapsrådet v/fylkesmannen og vurdere om det er trong for å be møte i det.
- Strategisk (langsiktig) planlegging og analyse, med tanke på t.d.:
- Helsemessige, miljømessige og økonomiske konsekvensar og utfordringar
- Vurdere korleis situasjonen kan utvikle seg
- Skaffe og fordele ressursar
- Oppfølging/støtte til einingar og samarbeidande etatar
- Kriseinformasjonsarbeid
- Loggføringa skal komme i gang så snart som mogleg.

### 2.2 Iverksetting

Denne planen skal vere eit verktøy som kan brukast ved alle typar uønskte hendingar eller situasjonar, som er av ein slik karakter eller omfang at det går vesentleg ut over det som kan reknast som normalsituasjon eller normalbelastning.

Planen kan og nyttast i andre situasjonar der fylkesrådmannen finn grunn til å organisere, leie og nytte ressursane på ein annan måte enn gjennom den ordinære linjeleiinga, for å få mest mogleg effektiv og koordinert styring.

Det kan særleg vere aktuelt å setje planen i verk i tilfelle der:

- Fleire einingar har ansvar for krisehandtering og innsats, og det difor kan vere nødvendig at fylkesrådmannen samordnar handteringa.
- Situasjonen utfordrar sterkt kompetanse, ressursar og krisehandteringsevne elles i organisasjonen
- Varsel om ekstremvêr, flaum, skred eller andre alvorlege situasjonar som krev spesiell innsats.
- Krav om rapportering(t.d. til fylkesberedskapsrådet), eller formidling av informasjon om hendinga, som gjer det nødvendig at fylkesrådmannen involverer seg.

Planen er i utgangspunktet ikkje utarbeidd med tanke på interne hendingar i fylkeskommunen, som t.d. dødsfall/ulykker blant tilsette, truslar mot tilsette/ organisasjonen og uønskte hendingar i IKT-systema. Dersom det vert vurdert som føremålstenleg i den konkrete situasjonen, kan planen likevel nyttast til å handtere slike situasjonar. Her vil omfang vere avgjerande.

## 2.3 Lokalisering

Fylkesrådmannen si kriseleiing held til på FRM sitt kontor (Bergen), og SUD-stab 4. etg (Leikanger). Møterommet skal helst ha naudstraum.

## 2.4 Kommunikasjon og IT

Kriseleiinga vil òg kunne møtast digitalt, på Teams. Satellitt-telefon skal vere tilgjengeleg på FRM sitt kontor (Bergen), og beredskapsleiar sitt kontor (Leikanger). Kommunikasjonsløyningar for VLFK er gjennom mobiltelefon, Skype og videokonferanse.

Vestland fylkeskommune har kjøpt inn systemet Vlfk-CIM til loggføring, kommunikasjon og dokumentasjon ved handtering av uønskte hendingar. Systemet blir innført vår 2021. Beredskapsleiar er administrator av Vlfk-CIM.

# 4 Beredskapsarbeid i fylkeskommunen

## 4.1 Politisk nivå

Fylkesordføraren er den øvste politiske leiaren i fylkeskommunen, og har eitt særskild informasjonsansvar for fylkeskommunen sitt politiske arbeid. Fylkesordførar vert informert fortløpande i krisesituasjonar. Fylkesutvalet, evt. Fylkestinget, får situasjonen lagt fram viss omfang/ varigheit tilseier sette. §13 i kommunelova (hasteparagrafen) seier at fylkesutvalet på visse vilkår kan fungere som fylkesting. Om fylkesutvalet vert avskorne frå si myndigheit, vert denne overført til fylkesordførar.

I etterkant av ein krisesituasjon skal fylkesutvalet orienterast, ihht. Punkt 5 om evaluering.

## 4.2 Tilsette

Alle tilsette skal kjenne sine oppgåver i ein krisesituasjon, og skal vere kjende med fylkeskommunen sine varslingsrutinar.

## 4.3 Lokale beredskapsplanar

Denne planen gjeld for sentraladministrasjonen i fylkeskommunen. Det skal utarbeidast lokale beredskapsplanar ved alle fylkeskommunale institusjonar. Desse planane skal minimum innehalde:

- Oversikt over lokal kriseleiing, med namn og telefonnummer
- Varslingsplan som beskriv kva aktørar som skal varslast i ein krisesituasjon
- Oversikt over lokale institusjonar det vil vere naturleg å samarbeide med i ein krisesituasjon
- Planer for enkelthendingar, basert på lokale risikovurderingar (tiltakskort)

Fylkesrådmannen legg til grunn at ei krise skal løysast på lågaste moglege nivå. Det operative ansvaret for å handtere ei krise vert difor lagt til den eininga som er råka av krisa. Overordna kriseleiing skal i funksjon ved større kriser eller i dei tilfella der den einingsvise kriseleiinga treng bistand. Kvar enkelt eining skal etablere kriseleiing innan sitt ansvarsområde.

Den eininga som vert råka av ei uønskt hending skal snarast råd varsle fylkesrådmannen og beredskapsleiar om hendinga. Denne varslingsplikta gjeld for alle hendingar, også dei hendingane som ikkje vert handtert av overordna kriseleiing.

#### 4.4 Samarbeid med andre aktørar

- Leiing av skadestad er politiet sitt ansvar.
- Alle kommunane har plikt til å ha samlingsstad ved ulukker, det gjeld òg vertskommunane for våre verksemder. Dette bør vurderast i den enkelte, lokale beredskapsplan.
- Den kommunale krisepsykiatritenesta omfattar dei som er i kommunen.

Sivilbeskyttelseslova stiller krav om systematisk og kontinuerleg beredskapsarbeid på kommunalt nivå, men loven pålegg ikkje fylkeskommunane det same ettersom kommunane har ein langt meir omfattande beredskapsplikt enn fylkeskommunane.

**4.5 Kommunikasjon og informasjon** Det skal utarbeidast ein krisekommunikasjonsplan for VLFK. Denne planen skal m.a. avklare ansvar, roller, funksjonar og oppgåvefordeling for alle som skal jobbe med krisekommunikasjon. Ved hendingar som kan medføre stort medietrykk skal krisekommunikasjons-planen nyttast.

- I ein krisesituasjon skal fylkeskommunen gje nøktern, etterretteleg og oppdatert informasjon. Om politiet vert koplå inn, overtar politiet ansvaret for kommunikasjon knytt til handtering av krisen. Fylkeskommunen skal ivareta sin informasjonsplikt knytt til eige ansvarsområde.
- Når kriseleiing er oppretta, skal all kontakt frå fylkeskommunen til media gå via kriseleiinga ved fylkesrådmann, om ikkje anna er spesielt avtalt. Fylkesdirektør handterer media i dei tilfella det ikkje er sett sentral krisestab.
- Kommunikasjonssjefen skal gi kriseleiinga råd om korleis informasjon om hendinga/situasjonen kan innhentast, analyserast og på ein god måte formidlast internt og eksternt.

Kommunikasjonssjefen skal og ta ansvaret for den praktiske gjennomføringa av dette. I dette arbeidet skal det stillast nødvendige personellressursar til disposisjon. Om nødvendig kan desse hentast utanom den etablerte kriseorganisasjonen.

Kommunikasjonssjefen skal avhjelpe fylkesrådmannen og fylkesordføraren ved å:

- Følgje situasjonen og gje råd om kva informasjon som fylkesrådmannen/ fylkesordføraren bør gå ut med
- Koordinere informasjonsarbeidet med andre fagetatar som er relevante for handteringa av den aktuelle hendinga
- Vurdere om det etablerte informasjonsapparatet er tilstrekkeleg til å handtere pågangen som kan ventast frå media, inkludert sosiale medium, og omfanget av informasjonsarbeidet elles. Det gjeld særleg dersom krisehandteringa dreg ut i tid
- Skrive og publisere informasjon på heimesida og sosiale medium
- Førebu informasjonsbodskap til formidling gjennom sentralbordet
- Lage utkast til presseinformasjon
- Drive overvaking av media, inkludert sosiale medium

## 4.6 Vurdering av risiko- og sårbarheit (ROS)

Det skal gjennomførast ROS-analyse både overordna og ved den enkelte institusjon. Formålet er å kartleggje kva risikomoment som finnes og som kan utløyse ein krisesituasjon, samt ei vurdering av kor sårbar vår organisasjon er om ei slik hending skjer. I fylkeskommunen sitt kvalitetssystem (NetPower) er det ein eigen modul for risikovurdering som skal nyttast ved gjennomføring av ROS-analyser.

## 4.7 Kultur for beredskap

Alle tilsette i Vestland fylkeskommune skal vere kjent med den lokale beredskapsplanen som gjeld for sin arbeidsstad. Alle med leiaransvar i Vestland fylkeskommune skal vere kjent med overordna beredskapsplan. Dette skal inngå i opplæringa ved tilsetjing.

### Den enkelte tilsette skal:

- kjenne sine eigne oppgåver i ein krise-/ulykkessituasjon
- kjenne Vestland fylkeskommune sine oppgåver i ei krise-/ulykkessituasjon
- kjenne varslingsrutinar internt i eininga, og dei overordna varslingsrutinar for fylkeskommunen
- kjenne til huseigar/utleigar sin eventuelle beredskaps-/evakueringsplanar

### Tilsette med spesiell rolle i beredskapsarbeidet skal:

- øve spesielt på si eiga rolle
- trene på varsling, organisering og handtering

### Tilsette som har ein leiarfunksjon i ein krise-/ulykkessituasjon, skal:

- gjennomføre skrivebordsøving/planspill årleg
- gjennomføre varslingsøving, minimum ein gong pr. år
- øve på informasjonsberedskap (gjelder spesielt tilsette som vil ha ei rolle ovafor media, dei bør få reell trening)

### 4.2.1 Årshjul

Øvingar skal gjennomførast regelmessig, og etter behov for å bygge og oppretthalde tilstrekkeleg beredskapskompetanse. Ei øving vil òg vere ein test av rutinar, der ein kan vurdere om planverk og verktøy fungerer godt.

Oppdatering av planverk skal ha årleg revidering.

## 5 Evaluering

Etter handtering av ei krise skal verksemda så raskt som mogleg attende til normal drift.

Beredskapsarbeidet evaluerast for å trekke lærdom av handteringa, og avdekke om det er behov for å justere planverk.

Omfanget på debriefing skal vurderast gjennomført ut frå kor alvorleg hendinga er/ varigheit. Alle hendingar ser sentral krisestab er sett, skal evaluerast. Mal for evaluering vedlagt.

Ved innsats av t.d. ambulanseteneste, brann, politi eller sivilforsvar skal fylkesdirektør for aktuell eining, og beredskapsleiar, syte for felles evaluering av samarbeide.

## **Vedlegg 1    Kontaktinformasjon fylkesrådmannen sin krisestab**

## Faste medlemar i krisestaben

Funksjon	Namn	Telefon	E-post
Fylkesrådmann	Rune Haugsdal	<a href="tel:94500337">94500337</a>	<a href="mailto:rune.haugsdal@vlfk.no">rune.haugsdal@vlfk.no</a>
Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi	Ingrid Holm Svendsen	<a href="tel:90734144">90734144</a>	<a href="mailto:ingrid.kristine.holm.svendsen@vlfk.no">ingrid.kristine.holm.svendsen@vlfk.no</a>
Beredskapsleiar	Kristin Rundsveen Bøtun	90890713	<a href="mailto:Kristin.rundsveen@vlfk.no">Kristin.rundsveen@vlfk.no</a>
Fylkesdirektør strategi og digitalisering	Paal Fosdal	<a href="tel:90639859">90639859</a>	<a href="mailto:paal.fosdal@vlfk.no">paal.fosdal@vlfk.no</a>
Fylkesdirektør infrastruktur og veg	Dina Lefdal	<a href="tel:95700813">95700813</a>	<a href="mailto:dina.johanne.lefdal@vlfk.no">dina.johanne.lefdal@vlfk.no</a>
Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport	Håkon Rasmussen	<a href="tel:48298090">48298090</a>	<a href="mailto:hakon.rasmussen@vlfk.no">hakon.rasmussen@vlfk.no</a>
Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse	Bjørn Lyngdal	<a href="tel:95033770">95033770</a>	<a href="mailto:bjorn.lyngedal@vlfk.no">bjorn.lyngedal@vlfk.no</a>
Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling	Bård Sandal	<a href="tel:97051716">97051716</a>	<a href="mailto:bard.sandal@vlfk.no">bard.sandal@vlfk.no</a>
Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering	Per Morten Ekerhovd	<a href="tel:95760481">95760481</a>	<a href="mailto:per.morten.ekerhovd@vlfk.no">per.morten.ekerhovd@vlfk.no</a>
Fylkestannlege	Lathamini Murugesh	90093136	<a href="mailto:Lathamini.Murugesh@vlfk.no">Lathamini.Murugesh@vlfk.no</a>
Kommunikasjonssjef	Hilde Joranger Mæland	45600710	<a href="mailto:hilde.joranger.meland@vlfk.no">hilde.joranger.meland@vlfk.no</a>
Seksjonssjef IKT	Svein Dyrrdal	94500093	<a href="mailto:Svein.Dyrrdal@vlfk.no">Svein.Dyrrdal@vlfk.no</a>

Vaktordning med vakthavande fylkesdirektør, som døgnopen beredskapstelefon, sjå eiga liste.


## Satellitt-telefonar

<b>Beredskapsleiar</b>	<b>0047 881631401720</b>
Beredskapsleiar (Leikanger)	0047 881631401720
FRM (Bergen)	Skal kjøpes inn
Infrastruktur og veg (Leikanger)	

## Vedlegg 2 - VARSLINGSLISTE

Figur 1. Flytskjema varsling kriseleiling





Raud linje -varsling til redningsteneste og ihht eininga sin varslingsplan, gul linje syner varsling i eigen organisasjon.

### Vedlegg 3 – Instruks for beredskapstelefon

Vestland fylkeskommune har ein døgnopen beredskapstelefon til bruk ved kriser som angår ansvarsområde til fylkeskommunen. Vlfk sin vakttelefon bemannes av vakthavande fylkesdirektør, ihht vaktliste.

Vakthavande fylkesdirektør må vurdere innkomne henvendingar, om det er naudsynd å informere FRM eller sentral beredskapsgruppe (som eventuell kallar inn kriseleiing), eller om det er tilstrekkeleg å kontakte fylkesdirektør med fagansvar for aktuell hending (varsling vidare ihht einingane sine beredskapsplaner).

## Vedlegg 4 – Prinsipp for beredskapsarbeidet

**Ansvarsprinsippet** betyr at den eining som til dagleg har ansvaret for eit område, også har ansvaret for nødvendige beredskapsførebuingar og for den utøvande tenesta ved kriser og katastrofar. Dette ansvaret omfattar også å planlegge korleis funksjonar innanfor eige ansvarsområde skal kunne oppretthaldast og vidareførast dersom det skjer ei ekstraordinær hending.

**Likskapsprinsippet** betyr at den organisasjonen som vert brukt under kriser skal være mest mogleg lik den organisasjonen vi har til dagleg. Likskapsprinsippet er ei utdjuping av ansvarsprinsippet; ei understreking av at ansvarsforholda internt i verksemder/ organisasjonar og mellom verksemder/organisasjonar ikkje skal endrast i samband med krisehandtering.

**Nærleiksprinsippet** medfører at kriser organisatorisk skal handterast på eit lågast mogeleg nivå. Den som er nærast krisa, vil vanlegvis vere den som har dei beste føresetnadene for å forstå situasjonen og dermed er best eigna til å handtere krisa. Nærleiksprinsippet må også sjåast i samheng med ansvarsprinsippet. Ei krise innanfor ansvarsområdet til fylkeskommunen eller ei eining/ tenesteområde, skal i utgangspunktet handterast av fylkeskommunen eller einingane. Nærleiksprinsippet gjelder ikkje ved tryggleikspolitiske kriser.

**Samvirkeprinsippet** stiller krav til at eininga har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar og verksemder i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

## Vedlegg 5 - Mal for evaluering

(Eige dokument)

